

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1952.

Fredstraktaten med Japan vart ratifisert 19. juni 1952 i samsvar med Stortingsvedtak frå 21. mai s. å.

Noreg har vorti medlem av det Nordiske Råd, som vil halde sitt konstituerande møte i København i februar i år.

Med samtykke frå Stortinget er den internasjonale konvensjonen frå 28. juli 1951 om stoda åt flyktningar ratifisert.

Noreg har gjort ein avtale om fagleg og økonomisk hjelp til India under medverknad av dei Sameinte Nasjonane.

Det er gjort ei rad tosidige avtalar om handelssamkvemet med utlandet.

Forsvaret.

Utbygginga av forsvaret har gått føre seg i samsvar med dei planane som Stortinget har slutta seg til, men utbygginga av personellorganisasjonen og etablissementa kom seinare i gang enn opphavleg tenkt og ligg noko etter programmet. Heren har haldi øvingar for 6 av dei 8 feltbrigadane, og med styrkar opp til 30 000 mann og meir i ei øving. Ei stor flåteøving i samband med forsvaret av Noreg og Danmark har vori halden med skip frå mange A-paktland, og Flygevåpenet har og vori med på øvingar saman med andre A-paktland. Levering av forsvarsmateriell i samband med det amerikanske hjelpeprogrammet har haldi fram i samsvar med planane. Noreg har i år òg hatt ein brigade av Heren i Tyskland.

I samband med den militære vernebuinga er Sivilforsvaret bygd vidare ut i samsvar med fireårsplanen, serleg når det gjeld alarm- og kommandoplassar og utdanning av personell.

Vernebuinga på det økonomiske området er førd lenger fram, m. a. ved vidare utbygging av den regionale og lokale vernebuingsorganisasjonen, planlegging for industriproduksjonen i krigstid og vernebuingslagring av visse varer som er serleg viktige for forsyningane åt landet i krig.

Produksjonsutviklinga.

Produksjonen av varer og tenester var til saman noko større i 1952 enn året før. I jordbruket var produksjonen noko større enn i 1951, og års-fiskefangsta vart litt mindre enn førre året. Avverkinga i skogbruket var stor. Industriproduksjonen heldt seg på om lag same høgd som året før, medan byggje- og anleggsverksemda auka noko. Handelsflåten heldt fram med å vekse.

Utanriksøkonomien.

Verdet av utførsla har vori noko lågare i 1952 enn året før. Når ein tek med kvalolje som er levert beinveges frå feltet, blir utførsleverdet etter førebels oppgaver om lag 3 900 mill. kroner. Da er skip ikkje medrekna. Dette er ein nedgang frå 1951 på 200 mill. kroner. Verdet av innførsla utanom skip var i 1952 etter førebels oppgaver om lag 5 600 mill. kroner, eller vel 200 mill. kroner meir enn i 1951. I dei fyrste 11 månadene vart det selt skip for 268 mill. kroner og innført skip for 618 mill. kroner. Dei tilsvarande tala for same tidsromet i 1951 var 362 og 784 mill. kroner.

Mengda av utførslevarene utanom skip ligg etter dei førebels oppgåvene noko under nivået i 1951. Serleg er det nedgang i dei utførde mengdene av fiskehermetikkk, dyre- og plante-feitt og treforedlingsprodukt. Utførslemengdene av malm, fisk og huder og skinn var høgere i 1952 enn i 1951. Av varer som det vart innført meir av i 1952 enn året før kan nemnast jern og stål, fyringsoljar, maskinar, bilar, kaffi og frukt. Det har vori mindre inn-

førsle av m. a. ull, ullgarn og bomullsgarn, olje og feitt, kol og huder og skinn.

Både for innførslevarer og utførslevarer har prisane hatt lag til å siga i 1952, men medelprisane ser etter førebels oppgåver ut til å liggje på om lag same nivået som i 1951. Nedgangen i utførsleprisane i året har serleg gjort seg gjeldande for papir og tremasse, olje og feitt og huder, skinn og lær.

Underskottet på varebalansen, skip medrekna, vil venteleg bli om lag 355 mill. kroner meir enn i 1951. Nettofraktinntektene av norske skip i utanriksfart har vori om lag som i 1951. Ein reknar med at det i 1952 vil bli eit lite underskott på vare- og tenestebalansen, mot eit overskott på 217 mill. kroner i 1951. I desse tala er ikkje medteki gåver under Det europeiske atterreisingsprogrammet. I 1952 kom desse gåvene opp i netto om lag 37 mill. kroner mot 378 mill. kroner i 1951. I tillegg kjem nettotilskott på om lag 50 mill. kroner ved ålmenn økonomisk hjelp under Det gjensidige tryggingprogrammet og på om lag 45 mill. kroner under Byggje- og anleggsprogrammet til Atlantpaktorganisasjonen. Noregs stilling i Den europeiske betalingsunionen har svinga noko i 1952. Pr. 31. desember 1951 var Noregs underskott (trekk på kredittkvoten) 69 mill. kroner. Underskottet i betalingsunionen minka utover våren, og i slutten av juni var Noreg kreditor med 4 mill. kroner. Fram gjennom hausten og vinteren har Noreg atter fått eit underskott i betalingsunionen. Det var pr. 30. november om lag 60 mill. kroner.

Utgiftene til avdrag på gjeld er i 1951 rekna til om lag 90 mill. kroner. Den valuta landet har liggjande, auka i 1952 med om lag 100 mill. kroner.

Jordbruket.

Vokstertilhøva vart ikkje så gode i 1952 som ein hadde venta etter den tidlege våren og dei gode vårmånadene. I sumar- og haustmånadene var temperaturen lågare enn vanleg. Dette seinka årsvokstere, og den store nedbøren sette ned kvaliteten. Heile avlinga er førebels rekna til 1984 mill. fôrverde. Det er om lag 124 mill. fôrverde over avlinga i 1951 og om lag 90 mill. fôrverde under eit medels år. I hagebruket vart det om lag medels år.

Akervidda med bygg har auka mykje i 1952. Arealet av havre har òg auka, medan dei andre kornslaga har gått noko tilbake. Alt i alt er arealet med korn auka. Potetvidda er den same og grønsakarealet har auka med over 20 pst. jamført med 1951.

Mekaniseringa av jordbruket har haldi fram. I 1951 vart det innført 4 000 traktorar, og ein reknar med eit liknande tal i 1952. Talet på maskinstasjonar er no 2 013.

Talet på mjølkekyr har gått ned med 43 200. Det kjem noko av den ringe fôravlinga i 1951, noko av at drifta er omlagd til kornavl og noko av rasjonalisering av storfeholdet. Talet på hest har gått sterkt ned. Talet på geiter og vaksne høns har òg gått ned, medan talet på svin, sau og kjuklingar har auka.

Stort sétt har husdyrproduksjonen i 1952 vori den same som i 1951. Alt i alt er produksjonen ikkje så reint lite høgare enn før krigen.

Tilskotta til nydyrking vart auka frå 1. juli 1952, men ein har enno ikkje fullstendige oppgåver over kor stor vidd som er nydyrka i året.

Grøfting av tidlegare dyrka vassjuk jord reknar ein med kjem opp i ei vidd på om lag 12 000 dekar mot 15 217 i fjor.

I 1952 er det ferdigbygd 340 bureisingsbruk. Dertil er det gjevi stønad til å reise 180 bruk.

Av gjødseloppsamlingsanlegg, potetkjellarar og siloar reknar ein med at det blir ferdigbygd om lag 1 300, 3 000 og 2 400 i same fylgd.

Til å byggje bureisings- og setervegar m. m. er det i 1952 gjevi stønad til 295 km veg med ein sum på i alt om lag 1,8 mill. kroner. I same tidsrommet er det ferdigbygd 297 km veg.

Arbeidet med å stø vass-innlegging på landsbygda og i fiskevær har haldi fram. I 1952 er det avgjort i alt 6 853 søknader. Med dei søknadene som er avgjorde i 1952 er det gjevi stønad til 9 910 eigedomar med 11 731 huslydar og 53 648 personar. Av eigedomane er 6 999 jordbruk med 38 365 storfé. Sidan dette tiltaket vart sett i verk, er det i alt gjevi stønad til 27 333 huslydar med 128 614 menneske.

Helsetilstanden mellom husdyra våre er stort sétt godt. Det er for tida ingen faretrugande farsotter, og det blir ført ein planfast kamp mot dei viktigaste husdyrsjukdomane våre.

Tilførsler og lager av kraftfôr og kunstgjødsel er gode.

S k o g b r u k e t.

Etter førebels oppgåver pr. 30. juni 1952 er det i driftsåret 1951—52 avverka 8,2 mill. m³ salstømmer. Dette er den største mengd salstømmer som har vorti avverka i eit einskildår her i landet. Den store avverkinga kjem m. a. av at driftstilhøva over heile landet stort sétt var uvanleg gode. Dessutan var til-

gangen på arbeidskraft betre enn i noko anna år etter krigen.

Kjøparar og seljarar av tømmer har i november 1952 vorti samde om tømmerprisane for driftsåret 1952—53 ved friviljuge tingingar.

Driftstilhøva hausten 1952 har vori etter måten gode, men avverkinga har ikkje vori så stor som hausten 1951. Pr. 15. desember var det avverka om lag 2,1 mill. m³ mot om lag 3 mill. m³ på same tid året før. Treforedlingsindustrien har hausten 1952 større tømmerlager enn på same tid tidlegare år etter krigen. Samstundes er lagra av trelast ved sagbruka større enn dei førre åra. Tilgangen på arbeidskraft hausten 1952 har vori svært god.

Det er gjevi nye føresegner for omsetnad av tømmer slik at den innalandske tømmeromsetnaden i det store og heile er frigjeven.

Produksjonen av skogplantar aukar stendig, og sumaren 1952 vart det sett ut fleire plantar og gjort meir kulturarbeid i skogen enn tidlegare år. Sidan sumaren var så kald, er likevel tilgangen på konglar liten.

F i s k e t.

1952 har vori eit godt år for fisket. Etter førebels oppgåver er det rekna med at heile fangstmengda kjem opp i 1 633 000 tonn til eit førehandsverd på i alt 491 mill. kroner. I 1951 var fangstmengda 1 669 000 tonn, det høgste årskvantumet som er nådd i norsk fiske, med eit tilsvarende fyrstehandsverd på 493 mill. kroner. Medelkvantumet i åra 1930—39 var 913 000 tonn.

Vintersildfisket slo godt til med 820 470 tonn mot 888 000 tonn i 1951. Fisket i 1952 var noko stormhindra.

Lofotfisket gav ei fangstmengd på 90 800 tonn mot 116 000 tonn i 1951. Nedgangen kjem av ulaglege oseanografiske tilhøve. Med not vart det fiska 47 000 tonn mot 67 000 tonn i 1951.

Dei andre torskefiska har vori noko betre enn i 1951.

Fisket ved Vest-Grønland var mindre bra.

Islandsfisket og småsild- og feitsild-fiska har vori gode, brislingfisket noko ringare enn vanleg.

Utførsla av fisk og fiskevarer har stort sett gått fullnøyande i 1952. Utførsleverdet vil koma opp i om lag 880 mill. kroner, medan det i 1951 nådde i alt om lag 950 mill. kroner. At utførsleverdet er mindre i 1952, kjem for det meste av svikt i prisen på sildolje, tran og andre fiskeoljar, og av at det er utført mindre hermetikk for skuld innførslerestriksjonar i sume av dei viktigaste avtakarlanda. Prisar og utførslemengder av andre fiskevarer har

vori nokolunde dei same som i 1951. Etter spurnaden etter produkt av torsk og annan fisk av torske-arta har vori noko større enn fangstrådene har kunna dekkje.

Utbygginga av fryseri, kjøleanlegg og andre tilverkinsanlegg har haldi fram. Den vidare utbygginga av fryseri og kjøleanlegg m. m. som er vedteken i samråd med utbyggingsprogrammet for Nord-Noreg, er delvis påbyrja og skal halde fram i 1953.

K v a l f a n g s t.

Dei norske ekspedisjonane som var med i fangsta i Antarktis i fangstbolken 1951—52 tilverka i alt 1,2 mill. fat eller 196 000 metriske tonn kval- og spermolje. Dette var litt meir enn i førre fangstbolken. Kvaloljen åleine var 173 000 metriske tonn, og av den vart 40 000 leverte til innalandsk forbruk. 51 000 tonn gjekk til dei norske herdingsfabrikkane til foredling og seinare utførsle. Resten vart seld beinveges til utlandet.

Salsprisen for utførsleolje vart for fangstbolken 1951—52 i medeltal £ 82,10 pr. long ton mot i medeltal £ 112 i førre fangstbolken. Totalverdet av den norske fangsta i Antarktis i 1951—52 kom difor ikkje høgare enn 311 mill. kroner mot 358 mill. kroner i førre fangstbolken.

Det norske fangstmateriellet som vart sett inn i Antarktis i 1951—52 var dei same 10 flytande kvalkoker og landstasjonen i Husvik Harbour som i førre fangstbolken. Men talet på kvalbåtar i bruk hadde auka frå 131 til 139.

I denne fangstbolken 1952—53 er det monaleg mindre deltaking frå norsk side enn i dei nærmaste fangstbolkaner før. Forutan landstasjonen brukar Noreg denne sesongen berre 7 flytande kvalkoker og ei hjelpekoke. Talet på kvalbåtar er 102.

I n d u s t r i.

I åra etter krigen fram til 1951 har norsk industri stort sett arbeidd under svært lette avsetnadstilhøve. I siste halvåret 1951 og første halvåret 1952 har dette endra seg slik at det har laga seg avsetnadsvanskar for ei rad industrivarer. Dette har ført med seg at industritilverknaden i 1952 for fyrste gong etter krigen ikkje har auka jamført med året før.

Av dei einskilte industrigruppene viste både utførsle- og heimeindustrien om lag ubrigda tilverknad frå 1951 til 1952. Fordelinga på konsum- og produksjonsmiddelindustri synte at tilverknaden av konsumvarer gjekk noko attende jamført med 1951, medan produksjonsmiddelindustrien auka noko.

Av dei einiskilde greinene innafor utførsleindustrien var det serleg olje- og feittraffineria, treforedlingsindustrien og hermetikkfabrikkane som synte nedgang i tilverknaden frå 1951 til 1952. Det er enno høge prisar på alle slag malmar, og bergverksdrifta er i framgang.

I heimeindustrien var produksjonsnedgangen sterkast for såpefabrikkane, garveria, trikotasjefabrikkane og skofabrikkane. Av viktigare greiner i denne gruppa som synte auke i tilverknaden, kan nemnast sementfabrikkane, sagbruka og tobakksfabrikkane.

Kolproduksjonen på Svalbard var i 1952 om lag 440 000 tonn mot 470 000 tonn i 1951.

Elektrisitetsutbygginga har haldi fram stort sett etter det fastlagde programmet. Det har siste året komi til bortimot 100 000 kW ny maskinkapasitet i kraftverka våre. Nokre større maskinar er noko seinka og kjem fyrst i drift i 1953. Med det blir auken i 1952 noko mindre enn ein rekna med. Nyinstallasjonen i 1953 skulle da bli tilsvarende større. Nedbøren var noko under medels på Austlandet og Vestlandet, men var serleg låg i Nord-Noreg og Trøndelag. Krafttilverknaden har likevel komi opp mot 19 000 mill. kWh.

Byggje- og anleggsverksemda.

Dei retningslinene som har vori gjeldande for bustadbygginga i 1952 har stort sett vori dei same som året før. Dei tok sikte på å fremja bygging av fleir-familiehus og auke sjølvbyggjarverksemda. Vidare har føresegnene framleis vori gjeldande om minka kvote-pålasting for søkjarar som hadde trelast på eige lager eller nytta tresparande byggjemåte.

I samarbeid med dei fylkeskommunale styremaktene vart det fastsett mengdeprogram for bustadbygginga, slik at byggjekapasiteten kunne bli mest mogleg effektivt utnytta.

På denne måten har det vori råd å auke bustadbygginga. Ein reknar med at det er ferdigbygd om lag 31 000 husvære i året. Både talet på ferdigbygde husvære og talet på husvære i arbeid da året gjekk ut, ligg monaleg høgre enn for noko anna år.

Tilgangen på dei viktigaste slag byggjetilfang har stort sett vori god. Men bolkevis har det likevel vori ein merkande skort på sume materialar, serleg sement. Ein har derfor mått gå til innførsle til å dekkje det som trongst både militært og sivilt. Av same grunn har det vori naudsynt å halda oppe rasjoneeringa av hovudmaterialene.

Investeringane i forretnings- og undervisningsbygg, og serleg i anlegg for forsvaret, har også auka i 1952 jamført med året før.

Talet på årsverk i byggje- og anleggsverksemd har ikkje stigi så mykje som byggjemengda. Dette kjem noko av rasjonalisering og av sjølvbyggjarverksemd, men i stor mon av at vedlikehalds- og ombyggingsarbeida har vori mindre enn i åra før.

Skipserdsla.

Auken i handelsflåten har haldi fram i 1952, men han har vori mindre enn i dei førre etterkrigsåra. I dei 3 fyrste kvartala av 1952 hadde flåten ein nettoauke på om lag 192 000 brutto-tonn mot om lag 250 000 br. tonn i same tidsrom i 1951 og jamt over 530 000 br. tonn i kvart av åra 1946—1950. Tek ein med alle registreringspliktige skip, d. e. skip på over 25 br. tonn, var flåten pr. 1. oktober 1952 på i alt 6 167 000 br. tonn mot 5 975 000 da året byrja. Held ein fangstflåten utafør, var handelsflåten pr. 1. oktober 1952 på om lag 5 970 000 br. tonn.

Bruttotilgangen til flåten var i dei 3 fyrste kvartala av 1952 på i alt 344 000 br. tonn, og denne tilgangen var for det meste nybygde skip. Frå utlandet vart det innført nye skip, mest tankskip på tilsaman 223 000 br. tonn, og frå norske verkstader vart det levert i alt 77 000 br. tonn. Dette er den største norskbygde tonnasjen som nokosinne har vorti levert i eit så stutt tidsrom. Berre om lag 30 000 br. tonn var eldre skip som var innkjøpte frå utlandet.

Frågangen frå handelsflåten var i dei 3 fyrste kvartala av 1952 på i alt 152 000 br. tonn, og den gjaldt praktisk tala berre sal av eldre skip til utlandet. Til jamføring kan nemnast at sal av eldre tonnasje til utlandet i dei 3 fyrste kvartala av 1951 var på 257 000 br. tonn.

Den store tilgangen på ny tonnasje og salet av eldre tonnasje til utlandet i dei siste åra har ført til ei sterk betring i alderssamansetninga åt flåten. Ved utgangen av 1951 var 42 pst. av tonnasjen under 5 år gamal mot berre 17 pst. ved utgangen av 1946.

Nykontraheringa av skip var monaleg mindre i 1952 enn året før. I dei 10 fyrste månadene av året vart det tinga ein tonnasje på i alt om lag 860 000 br. tonn mot bortimot 1 800 000 br. tonn i same tidsrom i 1951. Pr. 1. november 1952 var det i bygging og tinga for norsk rekning ein tonnasje på i alt 3 100 000 br. tonn, og av den var om lag 2 400 000 br. tonn kontrahert i utlandet og om lag 70 000 i Noreg. Av heile den kontraherte tonnasjen var 2 300 000 br. tonn tankskip.

For skipsferdsla har året 1952 vori merkt av eit sterkt tilbakeslag på fraktmarknaden. Både for tørrlastskip og tankskip steig frak-

tene voldsamt i 1951 og hadde i slutten av året komi opp i ei uvanleg høgd. Men ikring årsskiftet gjorde det seg gjeldande ein veikare tendens, til å byrje med på småskipsmarknaden, men snart òg for større tørrlastskip og for tankskip. Fraktfallet heldt fram med stor fart utover våren og sumaren 1952, og for skip i lausfart, serleg småskip, minka lønsemda etter kvart sterkt. For større skip var det ei tydeleg fraktbetring i september og oktober, og den heldt seg stort sétt i dei siste månadene av året. I fyrstninga av november var det meldt om 17 norske skip som var opplagde, dei fleste mellom 500 og 2 000 br. tonn. For månadene januar—november låg turfraktene for tørrlastskip jamt over vel 35 pst. lågare i 1952 enn i 1951, og tidsfraktene om lag 42 pst. lågare. For tankskipa var nedgangen noko mindre.

Nedgangen i fraktene i 1952 fekk likevel ikkje så stor verknad for den norske flåten, for di berre ein liten del av han, om lag 12 pst., går i lausfart. Resten er anten bunden til langsiktige tidscerteparti — for det meste slutta før fraktnedgangen i 1952 — eller går i linefart. Fraktene i linefarten har ikkje gått noko serleg ned i 1952, men tilgangen på last har ikkje vori så god som i 1951. Når ein tek omsyn til auken i flåten i året, kan ein venteleg rekne med berre ein mindre nedgang i dei samla nettofraktinntektene.

Når nettofraktinntektene etter Noregs Banks valutastatistikk i dei 3 fyrste kvartala var i alt 1 660 mill. kroner mot 1 435 mill. kroner i 1951, kjem det av at fraktinntektene blir registrerte i Noregs Banks statistikk fyrst 3—5 månader etter at dei er opptente. Talet for 1952 i denne statistikken vil difor vera sterkt påverka av dei høge fraktene i siste delen av 1951.

Driftsutgiftene for skipsferdsla i utlandet reknar ein med har stigi med mellom 5 og 10 pst. i 1952.

Noreg godkjende den 12. juni 1950 ein ny mellomfolkeleg avtale om trygging av menneskeliv til sjøs. Avtalen tok til å gjelde den 19. november 1952, og det som trengst for å gjennomføre føresegnene i avtalen i Noreg, det er gjort.

Innlandsk samferdsle.

Elektrifiseringsarbeidet på dei mest trafikkerte jernbanestrekningane har haldi fram i 1952, og strekningen Lillestrøm—Hamar vil bli opna for elektrisk drift i 1953. Statsbanene har fått ein god del nytt rullande materiell i året som gjekk. Ferdsla på jernvegane var noko større i 1952 enn i 1951. Auken var størst for godstrafikken, minst for persontrafikken.

Rutebilferdsla har vori stor i 1952 òg.

Lisensieringa av bilar har vori monaleg større i 1952 enn i 1951, og det har vori innført etter måten fleire personbilar i 1952 enn året før.

Personferdsla med rutenet har auka sterkt i året som gjekk, medan derimot vareførsla har gått noko ned.

Turistferdsla var svært stor i 1952, og talet på innreiste utlendingar var om lag 25 pst. høgre enn året før. Ein del av auken kjem truleg av at det frå 12. juli 1952 vart innført passfridom for ferdefolk frå Danmark, Finland og Sverige.

Talet på postekspedisjonar var om lag like stort i 1952 som året før. Postgiro- og Postsparebankverksemda synte stor framgang. Talet på ekspederte rikstelefonsamtalar auka litt i 1952 òg. Telegramtrafikken derimot synte ny nedgang.

Sysselsetjinga.

Det har i 1952 òg vori svært høg sysselsetjing. Skorten på arbeidskraft har likevel vori noko mindre enn i åra før. Serleg gjeld det i visse heimemarknadsindustriar og i jord- og skogbruk. Visse utførslevanskar, serleg i fyrste halvåret av 1952, har òg verka med til å minke etterspurnaden etter arbeidskraft. Statistikken over heile sysselsetjinga viser ein auke på om lag 1 600 til utgangen av 3. kvartal 1952, jamført med same tid i 1951. I bygge- og anleggsverksemd syner sysselsetjinga til slutten av september ein auke på om lag 9 000, av dei om lag 5 500 på statens verksemd. Talet på sysselsette i industrien gjekk i same tidsrommet ned med om lag 7 200 og var i heile året noko lågare enn i 1951. Nedgangen var størst i hermetikkindustrien, tekstilindustrien, visse delar av jern- og metallindustrien og av trevareindustrien og i lær- og gummiindustrien. Derimot synte serleg sagbruk og høvleri, skipsbyggeri og kleideindustrien auke. Talet på sysselsette i offentleg styringsverk, i forsvar og i «anna immateriell verksemd» syner ein auke på om lag 4 700, av dei 3 000—3 500 på forsvar. I oktober og november auka sysselsetjinga i industrien noko att.

Arbeidsløysa har vori låg i 1952 med. Dei fyrste månadene i året synte liksom før om åra noko sesongarbeidsløysa, serleg i Nord-Noreg. Endring i m. a. den arbeidskraftindustrien har bruk for, har òg i nokon mon verka på talet på tilmelde arbeidssøklarar.

Løner.

Lønene har stigi i 1952. Lønsstiginga kjem fyrst og fremst av dei lønsbetringane som vart oppnådde ved tariffrevisjonane i året.

Avtalen mellom Norsk Arbeidsgiverforening og Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon frå oktober 1950 fastsette at alle tariffavtalar som gjekk ut i 1951, skulle lengjast eitt år. Dette har ført til vidfemnande tariffoppgjjer i 1952.

Den fyrste store industrigruppa som fekk tariffane sine reviderte, var jern- og metallindustrien. Den avgjerda lønsnemnda kom til for jern- og metallindustrien, gav retningen for dei tariffrevisjonane som fylgde etter.

Ved tariffrevisjonane i 1952 har det vori ein klår tendens til å gjera skilnad i lønstillegga for faglærd- og ikkje-faglærd arbeidskraft innan den einskilde industrien, slik at faglærde arbeidarar har fått eit større lønstillegg enn andre arbeidarar. Systemet med alderstillegg er monaleg utvida. Tyngda av lønstillegga innan den private næringsverksmda ligg mellom 10 og 20 øre pr. time for vaksne arbeidarar. Auken i akkordsatsane er om lag 5 pst. Lønstillegga har ført til ei relativ lønsutjamning mellom dei einskilde næringsgruppene. Ved tariffrevisjonane dette året fekk kvinner ei prosentvis større lønsbetring enn menn. I dei fleste nye tariffavtalane er dyrtidstillegget innregulert i dei tariff-feste lønssatsane. Avtalane skal gjelde eit år, og inneheld ikkje føresegner om indeksregulering.

Dei faga som ikkje hadde fått tariffavtalane sine regulerte før 15. juni, og som hadde føresegner om indeksregulering fekk eit mellombels ålment dyrtidstillegg på 10 øre timen frå denne dato. Dette 10-ørestillegget var eit forskott på dei komande tariffoppgjjerane.

Stortinget vedtok 26. juni 1952 eit nytt lønsregulativ for statstenestemenn. Det vart gjevi sterkt graderte lønstillegg. Lønstillegga var frå 12 til 19 pst. av bruttoløna. For statens arbeidarar vart det gjevi om lag same lønstillegga som for tilsvarande stillingar i det private næringslivet.

I medeltal fekk kommunale funksjonærar og arbeidarar opptil same lønsbetring som statens tenestemenn og arbeidarar i 1952.

I 1952 har det vori nokre fleire tilfelle av arbeidsstans enn i dei to åra før. Langt dei fleste konfliktane har vori i samband med tariffoppgjjeret. Dei største konfliktane var streiken i teglverkindustrien, funksjonærstreiken og streiken ved hanskefabrikkane.

Prisutviklinga.

Etter ei heller kraftig prisstiging i fyrste halvta av 1951 heldt prisane seg på det nærmaste i ro resten av året. Kring årsskiftet 1951—52 fekk vi atter litt stiging både i engrosprisar og levekostnader, og på dette høgre nivået vart så prisane liggjande

nokolunde ubrigda gjennom fyrste halvåret 1952. På ettersumaren steig prisane atter noko, men i dei siste månadene av året var nivået stabilt. I desember vart det sett i verk nye tiltak for å få prisane nedover.

I november 1952 låg engrosprisindeksen 5,8 pst. høgre enn eit år tidlegare, medan stiginga i den tilsvarande bolken av 1950—51 var 16,9 pst. Frå november 1951 til februar 1952 steig indeksen med i alt 1,7 pst. Deretter fylgde ein mindre nedgang i vårmånadene mars—mai på 1,1 pst. I månadene etter steig indeksen att, og låg i oktober 5,9 pst. høgre enn i mai. Frå oktober til november gjekk indeksen ned med 0,7 pst.

Det er prisstiginga på matvarer som har vegi tyngst i engrosprisindeksen i det siste året. Borttakinga av pristilskotta til kaffi og sukker svarar åleine for mest $\frac{2}{3}$ av heile stiginga. Dessutan har trevaregruppene og gruppa for animalske næringsmidlar gått opp. 4 varegrupper syner fall siste året, det er jern og metall og jern- og metallvarer, tekstilvarer, huder, lær og skoty, og kjemiske og tekniske varer.

Levekostnadsindeksen steig 7,8 pst. frå november 1951 til november 1952, medan stiginga i tilsvarande tidsrom 1950—51 var 14,3 pst. Det siste året har såleis stiginga i levekostnadene vori noko større enn stiginga i engrosprisindeksen, medan det omvende var tilfellet i 1950—51. Størst var oppgangen frå juni til juli, da serleg prisane på jordbruksvarer synte stiging. Frå juli til november har levekostnadsindeksen stigi 0,8 pst. Utan borttakinga av pristilskotta til kaffi og sukker ville indeksen i same tidsromet ha falli med 0,9 pst.

Over $\frac{2}{3}$ av stiginga i levekostnadene siste året fell på matvarene. Utgiftene til gruppa kolonialvarer har stigi mest med i alt 54 pst., for det meste for di pristilskotta til kaffi og sukker vart borttekne. Deretter kjem gruppa kjøt og kjøtvarer med ei stiging på 19 pst., fisk med nærepå 13 pst., og mjølk, smør, ost og egg med om lag 10 pst. Dei andre matvaregruppene — poteter, grønnsaker, frukt og bær, mjøl og gryn, brød og andre bakarvarer — har hatt ei veikare stiging, om lag 4—6 pst. Brenselsutgiftene har gått opp om lag 11 pst., og posten «andre utgifter» vel 7 pst. Berre for ei einskild varegruppe, kledevarer, har det vori prisfall.

Penge- og kreditt-tilhøva.

Dei tendensane til minking eller auke i likviditeten til bankar og publikum som ein før om åra har hatt frå utanriksøkonomien, har gjort seg lite gjeldande i 1952. I dei 3 fyrste kvartalane var det eit visst nettokjøp av valuta

i Noregs Bank, men det vart avløyst av eit nettosal i 4. kvartal. Heller ikkje den offentlege finans- og pengepolitikken har ført til store endringar i likviditeten åt bankane.

Stortinget har i året gjevi Finansdepartementet fullmakt til å låne i alt 700 mill. kroner til statsbankane.

Utlåna frå aksje- og sparebankane heldt fram med å auke. Innskotta auka ikkje så mykje, og alt i alt syner det seg eit utlånsoverskott på ikring 100 mill. kroner. Bankane hadde ved slutten av året statsvekslar for 381 mill. kroner, men folioinnskottet deira i Noregs Bank gjekk ned.

Statsbankane har auka utlåna endå meir, noko ved å nytte midlar overførde frå staten, noko ved å ta opp lån frå anna hald. Eit par av statsbankane og staten tok opp kortsiktige $2\frac{1}{2}$ pst. obligasjonslån. For stats- og statsgaranterte langsiktige $2\frac{1}{2}$ pst. obligasjonar har kursen vist veik stiging, og er no ikring 92 pst.

Noregs Banks diskontosats er framleis $2\frac{1}{2}$ pst.

Offentlege finansar.

Når ein ser kommunane under eitt, har den finansielle stoda vori god. Men det var likevel stor skilnad på dei einskilde kommunane. Ei rad kommunar, serleg i dei tre nordlegaste fylka, er vanskeleg stelte økonomisk og må ha tilskott av Skattefordelingsfondet til å saldere budsjetta, trass i at dei nyttar ei streng skattlegging. Tilskotta av Skattefordelingsfondet vil i budsjettåret 1952—53 auke med om lag 25 pst. jamført med 1951—52. For budsjettåret 1953—54 er det stelt til rådvelde 60 mill. kroner til ein ny skatteutjamnings-skipnad som ikkje berre tek sikte på ei utjamning av skattlegginga i kommunane, men også å heve standarden i dei kommunane som må karakteriserast som tilbakeliggjande.

Dei kommunale skattane har auka i 1951—52, og for 1952—53 ser det ut til at dei vil stige enda meir. Reduksjonstabellane vart frå og med terminen 1951—52 brigda i meir familievenleg retning, og for 1953—54 er det gått vidare i same lei.

Låneskulda åt kommunane har auka monaleg etter frigjeringa, men i 1951—52 likevel ikkje så mykje som åra før. Auken i kontantmidelen har i same tidsromet vori om lag like stor som auken i låneskulda. Av lånegjeldsauken etter frigjeringa er vel 80 pst. brukt til elektrisitetsutbygginga. For å frigjera arbeidskraft til industri-, jord- og skogbruk er kommunane oppmoda om å minke løyvingane til investeringsføremål. Til å møte eventuell skattesvikt er det vedteki lov om skiping av skattereguleringsfond.

Både inntektene og utgiftene på statens budsjettrekneskap for 1951—52 er større enn året før. Inntektene kom opp i 3 822 mill. kroner. Her er avdrag rekna med. Utgiftene var 3 543 mill. kroner når ein tek med anleggsutgifter og avdrag på statsgjelda. Gjeldsavgifta var om lag 307 mill. kroner. Etter dette blir det eit overskott på rekneskapen (drift og kapital) på 279 mill. kroner.

Når ein ser på resultatet av rekneskapen, må ein vera merksam på at overførde løyvingar, som kviler som ei skuld på kontantmidelen i statskassa, i 1951—52 har gått opp med 349 mill. kroner.

Kyrkje, skole og opplæring.

Det er no om lag 886 prestestillingar i kyrkja. I året 1952 er ordinert 43 nye prestar til teneste i kyrkja og religiøse samskipnader.

Delinga av Hålogaland bispedøme er sett i verk frå 1. oktober 1952.

Arbeidet med atterreisinga av kyrkjene i dei krigsskadde stroka er komi i gang. I 1952 er det gjevi byggeløyve til 3 kyrkjer i Finnmark (Øksfjord, Loppa og Måsøy) og til atterreising av 3 krigsskadde kyrkjer i landet elles (Molde, Bodø og Bjerkvik kapell).

Folkeskolen arbeider framleis under vanskelege tilhøve for skort på skolehus og lærarkrefter. Barnetalet og dermed klassetalet, stig mykje for kvart år. Trass i vanskaner må ein seia at folkeskolen har hatt eit godt arbeidsår. Lesetida i landsfolkeskolen har auka for kvart år, slik at om lag 77 pst. av klassetalet no har ei større lesetid enn minstelesetida etter lova.

Det er komi god fart i atterreisinga av dei øydelagde skolehusa i Finnmark og Nord-Troms. 4 nye statsinternat i Finnmark er tekne i bruk.

Samordningsnemnda har levert dei siste tilrådingane, og er såleis ferdig med arbeidet sitt.

Framhaldsskolen har òg hatt framgang, men denne skolen òg lid av skorten på husrom og utdana lærarkrefter. I 1951—52 hadde framhaldsskolen nær 1 200 klassar med i alt over 20 000 elevar. Det svarar til om lag 47,5 pst. av dei som det året var 14 år.

Lov om spesialskolar vart sette i verk frå 1. juli 1952. Det er sett i gang framhaldsskole for unge døve og tunghørde. Utbygginga av dette skoleverket har elles òg haldi fram, men det er enno bruk for mange fleire elevplassar.

Elevtalet i den høgre ålmennskolen aukar jamt. Ved årsskiftet 1952—53 var elevtalet om lag 42 000.

Utbygginga av høgre ålmennskolar på bygdene held fram. Ved to av statsrealskolane — Balestrand og Tingvoll — blir det no reist nye skolebygningar.

Føresegna i lova om høgre ålmennskolar om undervisningstimetallet for lærarane er sett i kraft frå 1. august 1952.

78 folkehøgskolar er i gang. I fjor var talet 81. Elevtalet er om lag 4 400, same talet som i fjor.

Lærarskolane har teki opp 23 nye klassar siste året. I alt har skolane no 64 klassar med 1949 elevar, av dei 934 i 2-årige og 1 015 i 4-årige klassar.

Den nye skolebygningen til Tromsø lærarskole vart teken i bruk den 1. september 1952.

Lov av 14. juli 1950 om lærlingar i handverk, industri, handel og kontorarbeid vart for ein del sett i kraft frå 1. juli 1951. Resten av lova vart sett i kraft frå 15. august 1952. Frå 1. oktober 1952 er 6 handverksfag lagde inn under lova. Fleire fag vil fylgje etter kvart. Det er valt lærlingenemnder i dei kommunane der lova gjeld, og det er oppnemnt riksyresutval for mest alle handverksfag og ein del industrifag.

5 nye verkstadskolar og 2 bedriftsskolar er i 1952 førde over på det faste yrkesskolebudsjetten.

Administrasjonen av saker vedkomande handelsundervisninga er frå 1. juli 1952 førde over frå Handelsdepartementet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Ved universitetet i Oslo var det i haustsemestret 1952 3463 studentar. Av dei var 20 utlendingar. Talet på vitenskaplege og andre stillingar er no 697, Universitetsbiblioteket ikkje medrekna. Bygging av 4. fløy på Viking-skiphuset på Bygdøy til Osebergfunnet tek til ved nyårsskiftet 1952—53.

Ved universitet i Bergen var det 400 studentar i 1952. I dei vel 4 åra som er gått sidan Bergen Museum fekk status som universitet, er talet på vitenskaplege stillingar og anna personale auka frå 72 til 143, såleis at universitetet kan gje undervisning ved alle tre fakulteta.

Ved Noregs tekniske høgskole var det ved årsskiftet 1952—53 om lag 1100 studentar.

Utvidinga held fram. Nybygningane for biblioteket, Metallurgisk institutt, kjelehuset og Fysisk institutt er ferdige. Den fyrste blokka av det nye kjemiske instituttet er under oppføring. Planane for Blokk II er utarbeidde.

Ved Noregs tannlækjarhøgskole var det ved årsskiftet 1952—53 om lag 200 studentar.

Statens lånekasse for studerande ungdom har i budsjettåret 1951—52 gjevi lån til 4403 låntakarar med ein samla sum på kr. 8 505 350.

I dei 5 fyrste driftsåra (tida 1947—52) har samla utlån vori kr. 32 077 825.

Det er løyvt kr. 100 000 som tilskott til reisemoderasjon for studentar og skoleungdom. All norsk skoleungdom over 16 år og alle norske studentar som har heimstaden sin minst 200 km frå den staden der dei går på skole eller studerer, skal få 30 pst. moderasjon for heim- og framreise i samband med sumar- og juleferien. Skipnaden er sett i verk frå og med juleferien 1952—53 og gjeld for reiser med Noregs Statsbanar og snøggrutene Bergen—Kirkenes.

Skipnaden gjeld òg for norske studentar og norsk skoleungdom i utlandet.

Ved Noregs Handelshøgskole var det i 1952 158 studentar.

Norsk Språknemnd er i arbeid frå 7. mars 1952.

Dei statsstødde folke- og skoleboksamlingane hadde god framgang. Talet på utlån frå folkeboksamlingane auka mykje, og ligg no på om lag 5 millionar bind. På same måten er det med skoleboksamlingane, her ligg utlånet no på om lag 2 millionar bind.

Utbygginga av det frie og friviljuge kulturarbeidet held fram. Folketeatret i Oslo har komi i gang. Vandreutstillingar av kunst er skipa som eigen institusjon med namnet Riksgalleriet. Riksteatret hadde i 1952 622 framsyningar på 253 stader, Norsk Bygdekino 12 000 framsyningar. Opplysningsfilm frå Statens Filmsentral vart synt fram for meir enn 650 000. Foredragsverksemd, kveldsskolar og fritt studiearbeid er i vokster.

Av overskottet i Norsk Tipping A/S for 1951 vart det til vitenskaplege formål etla ut kr. 10 000 000 og til idrettsformål kr. 5 000 000.

Det er no 3763 idrettsanlegg av ymse slag i landet. Av desse er 1672 gjort ferdige etter krigen. 3021 idrettsanlegg er i arbeid eller førebuing.

Arbeidet med samfunnshus er teki opp på mange nye stader. På om lag 500 stader planlegg dei no samfunnshus og har vendt seg til departementet om det.

Sosiale tiltak og helse-tilstandet.

Alderstrygda har i 1952 vorti betra på ymse vis, noko ved auke av friinntekta, noko ved auke av pensjonane og noko ved at det er innført same minstepensjonar for by- og landkommunar. Vidare er stønaden til blinde og vanføre auka på same måten som alderstrygda. Lova om pensjonstrygd for skogsarbeidarar er sett i verk frå januar 1952. Sjuketrygda femner om ein stendig større del

av folket, no i alt 85 prosent av heile folketallet. Pensjonstrygda for sjømenn er utvida m. a. til å gjelde norske kvalfangarar i utlandske reiarlag og sameleis enkjer etter eldre sjøfolk.

Arbeidet med å byggje ut barnevernet har haldi fram i 1952 òg. Som ein lekk i dette arbeidet skal born med så store tilpassingsvanskar at dei ikkje kan nå dei måla som er sette for spesialskolane, overførast til forsorg under Sosialdepartementet, som vil få stelt Bastøy skoleheim, Bærum skoleheim og Dillingøy gard til rådvelde for føremålet. Spørsmålet om bruken av desse heimane og om andre tiltak for born som treng psykiatrisk-psykologisk gransking, rådgjeving og stell blir utgreidd av eit serskilt utval.

Husmorvikarverksemda aukar. I 1952 har det komi til om lag 170 nye stillingar, slik at det no er ikring 1200 husmorvikarar i heile landet.

Styremaktene og hjelpeorganisasjonar har gått saman om å skipa eit flyktningeråd til å samordne og byggje ut hjelpearbeidet for flyktningar.

Atterreisninga av folkehelsa har i 1952 òg haldi fram etter planen.

Helsetilstanden i riket har vori god. Smitt-

same sjukdomar og farangar har det ikkje vori meir enn vanleg. Poliomyelitt har ikkje gått som farang i nokon landslut.

Rørsla i folkemengda i 1952.

Folkemengda har i 1952 auka med om lag 31 000, slik at den folkemengda som høyrer heime i landet, ved utgangen av året vil vera 3 341 000 mot 3 310 000 ved utgangen av 1951.

Etter førebels oppgaver for 1952 var det i dei 3 fyrste kvartala 19 996 giftarmål mot 19 712 i det tilsvarande tidsromet av 1951. Det vart registrert 47 541 levandefødde born mot 47 179 i dei 3 fyrste kvartala av 1951. Talet på døde var 20 661 mot 20 385 i dei tilsvarande kvartala av 1951.

Fødselsoverskottet i dei 3 fyrste kvartala av 1952 var 26 880, eller om lag det same som i det tilsvarande tidsromet av 1951.

Ei førebels oppteljing av innkomne meldingar til folkeregistra over flytningar innalands syner at i alt 100 854 personar skifta bustad-kommune i dei 3 fyrste kvartala av 1952. Oppgavene frå folkeregistra over flytningar til og frå utlandet i dei same 3 kvartala syner at det var eit overskott av utflytte til utlandet på om lag 600 personar.

Gjevi på Oslo slott 12. januar 1953.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Oscar Torp

Leif Østern